

Fra det kvardagslege til det faglege – semantiske bølgjer

Frode Skarstein frå lærarutdanninga og Arne Olav Nygard frå Lesesenteret, UiS

Eit bod på ein slik dimensjon som ein kan nytte når en rettleiar samtalar med elever er det vi tidligare har presentert som ‘semantiske bølgjer’. Når elever grip og engasjerer seg i gruppесamtaler rundt ein aktuell kontrovers er kanskje kvardagsomgrep og eksempel frå eigne kvardagserfaringar kjenneteiknande for dialogen. Ein kan kanskje oppleve at elevane inntar og kjempar for standpunkt som er kopla til deira verdisyn, og desse standpunktene er meir eller mindre kvalifiserte. Desse diskusjonene vil gjerne vere prega av at elevar blir ivrige til å hevde sine standpunkt og bryte desse mot medelevar som er ueinige, alt etter bakgrunn, personlege erfaringar, og personlege haldningar og syn på moralske og etiske spørsmål. Det er altså ofte *haldningar* som kjem til uttrykk, og som elevene argumenterer for, og ofte er dei bare laust kopla til fagleg kunnskap om emnet.

Slike samtalar kan ha stor verdi i seg sjølv. Elevane får kome til orde, dei får bruke sitt eige språk for å ytre haldninger og meningar til noe som opptar dei. Men dersom målet er å bruke samtalar som ein reiskap for fagleg utvikling, er det naudsynt å prøve å rettleie elevane inn i måtar å snakke om fenomen på som i aukande grad er faglege. Altså at vi beveger oss mellom det utpakka og det innpakka, mellom kvardagsspråket og det meir abstraherte naturfaglege språket og begrepa i faget. Her kan læraren ha ei heilt konkret rolle i å styre samtalene, ikkje bare vere den som gir ordet.

For å illustrere koss ein lærar kan styre ein samtale med eit konkret eksempel, kan vi gripe tilbake til heilklassesamtalen om aminer tidlegare i denne språkløypepakken. Læraren spør her om ein elev kan forklare koss aminer fanger karbondioksid:

Lærer: Kan du fortelle mer om denne prosessen? Hvordan aminer fanger karbondioksid?

Som vi har sett tidlegare, byrar eleven å svare nokså presist på dette spørsmålet, kanskje av di eleven akkurat har lest om dette i boka, og sit med boka foran seg:

Elev 1: Når karbonet fester seg til aminene, så binder de seg sammen og blir et nytt par.

Fraser som ‘karbonet fester seg til aminene’, og ‘blir et nytt par’ er eksempel på innpakka, fraser som dersom det skulle ha vore uttrykt i kvardagsspråket (f.eks. ‘de klistrer seg fast på en måte’; ‘de blir hengende sammen’) drar i retning av det upresise og fleirtydige, heller enn noe presist og eintydig du kan ta med deg vidare i fagleg arbeid.

Det interessante i denne samanhengen er lærarens respons på avslutninga til eleven:

Elev 1: Og det båndet er sterkt, og da går ikke karbondioksidet ut av pipa sammen med røyken.

Lærer: Så, vi kan fange karbonet slik at det ikke går ut i atmosfæren. Bra!

Her fangar læraren opp både at det er ein adekvat respons, i tillegg til at eleven avviker litt frå dei termane ein møter i naturfaget. Læraren løyser dette med å reformulere det same poenget som eleven gjer, men litt meir presist. I staden for at karbondikosidet ‘går ut av pipa sammen med røyken’ gjentar læraren at karbonet blir ‘fanget (...) slik at det ikke går ut i atmosfæren’. At det handlar om atmosfæren er eit poeng som læreren lanserer, altså, og vidare at det handlar om å ‘fange karboner’, som er ein fagleg etablert måte å snakke om dette på.

Lærarens rolle som fagleg samtalerettleiar

Læraren gjev altså eleven eit lite dytt i denne reformuleringa eller ‘innpakkinga’ av svaret, og gjennom å rose eleven til slutt (‘bra!’) gjev læraren inntrykk av at eleven var med på denne reformuleringa; denne ‘innpakkinga’. Dette kan vere eit døme på korleis ein lærar hjelper elevane i munnlege samtalar til å gå frå det utpakka, kvardagslege og på mange måtar upresise, til det innpakka og fagleg presise i måtane å snakke om fenomena på. Meir enn ein ‘metode’ eller eit ‘triks’ handlar altså dette om å vere var for korleis elevane legitimerer kunnskapen sin i samtalar, og å vere til stade i dei augneblinkane i samtalar (og i skrift, for den del) for å skape rørsler oppover i denne bølgjeformasjonen, og innover i faget. Ofte er det små rørsler det er snakk om, men dei er med på å etablere faglege måtar å snakke og argumentere på.

Det er mange måtar å vere til stades i samtalar i grupper eller heilklasse, men når elevane skal argumentere for sine posisjonar i kontroversar, er det viktig å stille krav til at ein kan argumentere fagleg heller enn berre å ytre haldningar. Og den faglege argumentasjonen handlar ikkje berre om at ein kan dra fram fakta, men korleis ein i aukande grad kan lære seg å snakke om (og å skrive fram) fakta på ein presis måte. Å vere bevisst denne rørsla i samtalen mellom det utpakka og det innpakka, der ein søker, steg for steg, å nærme seg innpakka, fagleg presise måtar å snakke på, kan altså vere ein god reiskap i den faglege utviklinga i klasserommet.